



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

seniorrådgivar Greta I. Hanset, 71 25 85 47

Vår dato

23.11.2016

Dykkar dato

Vår ref.

2008/5840/GRHA/721.0

Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal

Invitasjon til møte om Kompetanseløftet 2020

Tid: 25.januar 2017

Stad: Quality Hotel Alexandra, Molde

Vi vil som tidlegare år invitere kommunane til møte om Kompetanseløftet 2020. Vi ser dette som ein viktig møtearena for Fylkesmannen, kommunar, utviklingsenter og utdanningsinstitusjonar.

Morgondagens omsorg og Omsorg 2020 presiserer kor viktig det er med ei fagleg sterkt helse- og omsorgsteneste med riktig kompetanse. Behovet for ei heilskapleg tilnærming til stadig meir kunnskapsbaserte tenester for brukarar med komplekse tilstandar er førande for Kompetanseløftet 2020. Dei samla utfordringane til kommunane skal møtast med meir tverrfagleg samarbeid og ein praksis som er meir kunnskapsbasert. For å skape ei heilskapleg teneste i tråd med framtidas primærhelseteneste er K2020 utvida til å omfatte kompetanse-, fagutviklings- og rekrutteringstiltak for *heile* den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Sigrun Heskestad, prosjektleiar K2020 i Helsedirektoratet, kjem på møtet med tema som *Behov for kompetanse i framtida og Tiltak i Kompetanseløftet 2020*.

Fylkesmannen vil informere om status på kompetanse i Møre og Romsdal, samt søknadsprosess og rapportering for Kompetanse- og innovasjonstilskotet.

Høgskulane i Molde og Volda og NTNU i Ålesund kjem for å fortelje om ulike tilbod innan helse og omsorg.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har oppnemnt ein kontaktperson for Kompetanseløftet 2020 (sjå vedlagt liste). Dette er praktisk av omsyn til søknadsprosedyre og koordinering av opplæringstiltak i kommunen. Vi ber om at kommunen gjev melding dersom det er gjort endringar når det gjeld kontaktperson, slik at vår liste blir oppdatert og kommunen ikkje går glipp av viktig informasjon. Som samarbeidspart ser vi det som viktig å ha god dialog med kommunane og spesielt dei som er oppnemnt til kontaktpersonar.

Vi inviterer difor kontaktpersonen og ein person til frå kvar kommune, til møte den 25. januar.

Møtet vil vare frå kl. 10.00 til 15.00 og det blir servert lunsj.

Påmelding innan 8. januar 2017 på Fylkesmannen si nettside [her](#).

Med helsing

Marit Hovde Syltebø
ass. direktør

Greta Irene Hanset

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:
Program
Liste over kontaktpersonar